

## Møtereferat

Dato: 01.07.2015

Emne:	<b>Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT 290615</b>		
Til stades:	Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Gina H. Landro, Jorunn Bakke Johannessen, Frode Mannsåker og Rikke Richardsen.		
Forfall:	Irene Næss	Sak: 2015/3577-6	
Møtetid:	29.juni 2015 kl. kl. 1300 -1530	Møtestad: Wigandgården, møterom Krinkelkroken	

**Møteleiar: Frode Mannsåker**

**Referent: Rikke Richardsen**

Dagsorden:

1. Godkjenning av referat og dagsorden
  2. Informasjon om omorganisering - ny HR-seksjon
  3. Gjennomgang utsendt oppsett av arbeidsfordeling HMT – BHT
  4. Forslag til ny inndeling i Kvalitetsportalen
- 
1. Referat frå møtet 10.06.15: Godkjent med følgjande endring: Nedst på side 1 skal det i staden for «Fjerne følgjande» stå «Vurdere følgjande:»  
Tredje avsnitt under sak 3: Endre til «Frode tar på seg å setje opp ein tabell .....».
  2. Omorganisering - ny HR-seksjon: Frode refererte siste utvikling når det gjeld omorganisering av personalseksjonen til HR-seksjon. På grunn av samanslåing av Organisasjonsavdelinga og Økonomiavdelinga er prosessen framskynda. Det er bestemt at det blir oppretta to nye einingar: «**Rekruttering og rådgiving**» og «**Kompetanse og utvikling**», som saman med Servicesenter lønn og Bedriftshelsetenesta skal rapportere til HR-direktør. Dei to nye leiarane skal rekrutterast internt, med søknadsfrist 02.07.2015, og vil få personalansvar for dei tilsette i kvar si eining, men ikkje økonomiansvar. Det er eit mål å ha organisering av ny HR-seksjon på plass innan 01.09.2015. Prosess med fordeling av oppgåver og ansvar mellom dei to nye einingane vil halde fram utover hausten.
  3. Arbeidsfordeling og samarbeid HMS-BHT: Gjennomgang av utsendt skjemaoppsett utarbeida av HMT-seksjonen hausten 2014. Diskusjon undervegs om sentrale omgrep i samhandlinga, til dømes skilnaden mellom å melde og å tinge – kven kan tinge kartlegging frå BHT og korleis kan ein sikre lett tilgang til kompetansen i BHT, og samtidig ansvarleggjere linjeleiarar når det gjeld BHT og HMS. Semje om å leggje til eit punkt om **krisehandtering** der den faglege bistanden frå BHT i samband med kriser skal konkretiserast. Gina og Rikke fekk i oppdrag å

vidareutvikle oppsettet slik at samhandlinga mellom BHT-HMS, slik det m.a. vart diskutert i dette møtet, kjem fram og kan nyttast vidare i eit framlegg frå arbeidsgruppa.

4. Forslag til ny inndeling i Kvalitetsportalen: Utsett til neste møte. Avtalen med leverandøren av kvalitetsportalen går ut 31.12.15. Det vert derfor ein ny innkjøpsprosess til hausten, som kan føre til at vi får eit nytt system, ev. held fram med det eksisterande. Saka om dokumentstruktur bør likevel diskuterast i arbeidsgruppa.

**Neste møte blir 31.08.2015 kl.1300 - 1500 (Møterom endra til Stadsporten)**

**Oppgåver til neste møte:**

**Frode** sender ut framlegg til tabell over all HMS-dokumentasjon.

**Gina/Rikke** sender ut framlegg til tabell over oppgåver og samhandling HMS - BHT.

Dei andre i arbeidsgruppa lesar dokumenta og kjem med kritikk og endringar/tillegg i møte, ev. sende innspel i forkant av møtet.